

# Lite orginalt



BARBIE-GIRL herjar også Tysnes.

## underholdning/revy

«Tango brettar ut»

Tango teater

Bygdatun, Tysnes

**Ekte bygderevy med lite originalitet**

Eg har vore på tre revyar på kort tid. Alle revyan tek for seg søppelsortering. Tysnesrevyen er den grundigaste, men også den som skildrar søppelsorteringa med størst humor. Roald Nesse, som lokal Reodor Felgen med mål om å letta søppelsorteringa, slo godt an.

Reform 97 og Barbie Girl er også gjengangarar på mange revyar - og Tysnesrevyen er ikkje noko unntak. I det heile teke var det ikkje så mykje originalitet å spora på Tysnesrevyen - men det var kanskje ikkje å venta.

Det var med ein kikkars forventing at meldaren las i

programmet at Tysnesrevyen dette året vart kalla «Tango brettar ut» og at dei lova å visa alt. Det dei viste var heller av den snille sorten. Publikum lo sjølv sagt av mange hentydningar til koffertar, men ordet snill er likevel karakteriserande for revyen. Nokre av lokalkjendisane fekk gjennomgå parodiar. Kjell Magnus Økland gjorde ein god figur som tannlege og kommunepolitikar med Åshild Matre som politisk motstandar i tannlegestolen. Det gjorde det berre endå meir morosamt at dei parodierte var til stades i salen. Og det er nettopp slik bygdarevy skal vera.

Meldaren sat der i to timer og var minst like blid då han gjekk. Men revyen kunne ha godt av å bli kutt ned i tid.

MELDT AV

SVEIN OLAV B. LANGÅKER